

Fylkeskommunane

Dykkar ref

Vår ref
200803905

Dato
01.10.08

Beredskap i dei vidaregåande skulane

Sett i lys av dei alvorlege skyteepisodane i Finland det siste året er det viktig at vi på nasjonalt og lokalt nivå tenkjer gjennom korleis vi arbeider for å sikre ei god beredskap for kriser i utdanningssektoren. Fylkeskommunane har som eigarar av dei vidaregåande skulane ansvaret for ei stor gruppe elevar i Noreg.

Fylkeskommunen kan som skuleeigar gjere mykje både for å førebyggje alvorlege tilfelle og for å handtere dei godt dersom alvorlege hendingar oppstår. Det er heilt sentralt at skuleleiinga og dei tilsette blir sette i stand til å drive eit planmessig og gjennomtenkt arbeid med dette. Elevane må også vere med i arbeidet for å førebyggje vald og truslar om vald.

Eg veit at det gjerast mykje godt førebyggjande arbeid for ungdom som står i fare for å falle utanfor. Vi må tilnærme oss desse problemstillingane med aktsemd og klokskap.

Utdanningsdirektoratet har lagt ut informasjon og rettleiing på nettsidene sine (www.utdanningsdirektoratet.no), og eg oppmodar fylkeskommunane og skulane til å bruke dette til hjelp i eige arbeid. Nettsidene gir mellom anna råd om korleis skulane kan arbeide med ulike vanskelege situasjonar:

- om førebygging av og beredskap for vald og truslar om vald ved norske skular, inkludert konkrete punkt for god beredskap og krisehandtering
- om kva tilsette på skular skal gjere ved alvorlege ulukker eller dødsfall der elevar eller skuletilsette er involverte
- om arbeid med elevane om krisesituasjonar som blir presenterte i media

Det er viktig at fylkeskommunane og skulane har eit godt planverk som både kan vere til nytte i det førebyggjande arbeidet, og som kan føre til ei god handtering av ei alvorleg hending. For å få til dette er det heilt sentralt at det blir etablert eit tett samarbeid med det lokale politiet og andre lokale styresmakter.

Kriser blir løyste best lokalt, hos dei som kjenner menneske og lokalmiljø. Mange kommunar har kome langt i beredskapsarbeidet sitt, og står godt rusta for å møte krisesituasjonar. Dette er likevel eit område der vi må passe på at vi har med oss alle. For å styrkje beredskapen på lokalt nivå har regjeringa i ei høyring i juli i år foreslått føresegner om kommunal beredskapsplikt. Det inneber at kommunane skal gjennomføre sektorovergripande analysar for å kartleggje fareforhold i den einskilde kommunen. Resultatet skal følgjast opp med ein plan for handtering av ulike typar kriser. Dette ansvaret vil omfatte dei vidaregåande skulane som ligg i kommunen.

Fylkesmannen følgjer opp kommunanes arbeid på beredskapsområdet. Eg har i eit eige brev til fylkesmennene bede dei hjelpe til slik at det lokale beredskapsarbeidet framover også omfattar opplæringsinstitusjonane på ein god måte.

Eg oppmodar alle fylkeskommunar til å hjelpe til med å gjere tryggleiken i vidaregåande opplæring så god som mogeleg for ungdom i Noreg.

Med helsing

Bård Vegar Solhjell

